



201104692-10

KV

AS Tyssefaldene  
5770 TYSSedal

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201203894-2/344/EJWA

Dykkar ref.:

Bergen, 02. juli 2012


**Konsesjonssøknad for overføring av Florenvatna til Tysso II kraftverk i Tyssedal - Odda kommune – førebels fråsegn - oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering i samband med undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova**

Vi viser til konsesjonssøknaden motteke 04.05.2012, der Hordaland fylkeskommune vert beden om å gje fråsegn til konsesjonssøknaden for overføring av Florenvatna til Tysso II kraftverk i Tyssedal. Odda kommune.

Miljørapporten som er lagt ved søknaden har ingen opplysningar om automatisk freda kulturminne ved det omsøkte tiltak. Det ligg ein gamal stølsruin ved Floren. Hordaland fylkeskommune vurderer området til å ha potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Det må difor påreknast ei nærare markundersøking for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminneloven. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bera kostnadene ved ei slik undersøking, jf. §§ 9 og 10 i Kulturminneloven.

Vi rår til at ein avventar konsesjonshandsaminga til kulturminneundersøkingane i området er utført. Hordaland fylkeskommune kan ikkje gje endeleg fråsegn til konsesjonssøknaden før undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven er oppfylt. Vi gjer merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at tiltaket eller delar av dette kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. Hordaland fylkeskommune vil prøve å få gjennomført undersøkinga før vinteren i 2012, men vi har hatt utfordringar i å få tak i kvalifisert feltarbeidar til årets feltsesong. Dersom det let seg gjøre vil vi gjerne utsette arbeidet til etter snøen har smelta i 2013.

Vi ber om skriftleg godkjenning av vedlagt kostnadsoverslag med organisasjonsnr og adresse kor faktura skal sendast.

Venleg helsing  
  
Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

  
Elizabeth Warren  
arkeolog

Vedlegg: Kostnadsoverslag

Kopi: Norges Vassdrags- og energidirektorat  
Sondbø, Sølve Dag, Klima- og naturressursseksjonen